

Nesseplast og Åpenheitslova.

Åpenheitslova

Åpenheitslova er gjeldande frå 1. Juli 2022 og har som formål å sikre anstendige arbeidsforhold for tilsette i varksemda, i verdikjeda og hjå samarbeidpartnerar. Vidare skal lova redusere risiko for brot på menneskerettar og sikre tilgang på informasjon.

Formål med lova er:

- Sikre menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i verdikjeda
- Auke forståing og ansvar for risiko i bedrifta
- Integrere sosiale aspekt i strategien

Grunnleggande menneskerettar og prinsipp for anstendige arbeidsforhold omfattar mellom anna

- Svart arbeid, sosial dumping og barnearbeid
- Sosiale forhold, diskriminering og trakassering
- Kvitvasking
- Konfliktfråvær
- Korrupsjon og bestikkelsar
- Personleg oppførsel i bedrifta
- Avtalar og rekneskapsføring
- Konkurranse
- Krav til leverandørar


Åpenheitslova er eit viktig verktøy for å sikre sosial bærekraft og omfattar FNs bærekraftsmål nr 8 og nr 12.

Nr 8 handlar om «anstendig arbeid og økonomisk vekst». Å skape økonomisk vekst og nye arbeidsplassar gjennom anstendig arbeid er ein føresetnad for bærekraftig utvikling.

Nr 12 handlar om å «sikre forbruk og produksjon». Bærekraftig forbruk og produksjon handlar om å gjere meir med mindre ressursar. Dette er ein del av vår strategi.

Organisasjon

As Nesseplast vart stifta som aksjeselskap i 1983 og er eigd av Sundegruppen as (49,5%), HAR Eiendom as (38,62%) og Flamingo Holding III as (11,88%)



AS Nesseplast produserer isolerende og støytdempande emballasje til ulike formål. Hovudmarknaden er fiskeemballasje til norsk fiskeindustri, isolerende kassar til ulike formål og spesialtilpassa emballasje for enkeltprodukt (spesialemballasje)

Vi vil i det fylgjande gjere greie for vår tilnærming til aktsomheitsvurderingar, etiske retningslinjer, bærekraftig utvikling, om leverandørkjeda, utgreiing av kartlegging og risikovurderingar som blir gjennomførde, og korleis dette skal gjennomførast.

Praksis

Kva gjer vi i praksis?

AS Nesseplast har siste åra jobba for å fokusere på både menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som er i samsvar med OECD sine prinsipp, og har forankra dette i prosedyrer og retningslinjer. I forbindelse med integrering av krav iht. Åpenheitslova

- har vi oppdatert etiske retningslinjer for tilsette og leverandørar.
- har vi arbeidd med konkretisering av/mål for bærekraft.
- gjennomfører vi kartlegging og risikovurdering av leverandørar og forretningspartnerar.

Etiske retningslinjer

Prinsipp

Dei etiske retningslinjene gjeld alle tilsette og styremedlemmer, og set også minimumsstandardar for leverandørar til Nesseplast. Leverandørar skal følge alle aktuelle lover og standardar som OECD-, FN- og ILO-konvensjonar for menneskerettar, helse og sikkerheit, arbeidstakarrettar, miljø, rettferdig konkurranse, anti-korrupsjon og rettferdig og sunn forretningspraksis.

Leverandørar til Nesseplast må tilsjå at dei nyttar underleverandørar som også rettar seg etter desse standardane. Dersom det er tvil om at leverandørar/underleverandørar ikkje oppfyller krava skal dette rettast på eller at Nesseplast skal velje vekk levarandøren.

Konkretiserte prinsipp

Personleg oppførsel

Selskapet sitt omdøme er viktig for at verksemda skal vere ein suksess. Alle tilsette og styremedlemmar skal unngå aktivitetar som kan skade bedrifta sitt omdøme. I praksis skal alle opptre slik at dei vernar om produksjonsmidlar, produkt, idear og bedriftsinformasjon.

Sosiale forhold, diskriminering og trakasering

Nesseplast forpliktar seg til å følge bestemmelsane i Arbeidsmiljølovgevinga og legge forholda til rette for alle tilsette, slik at dei har rettigheter innan organisasjon og sikker arbeidsutføring.

Alle i Nesseplast skal behandle kollegaer, kundar og foreretningsforbindelsar med respekt. Diskriminering på grunn av kjønn, seksuell legning, sivil status, alder, etnisitet, religion, politisk tilknytning eller fagforeningsmedlemskap skal ikkje akseptierast. Vi forventar at alle tilsette respekterer kulturelle skilnader.

Unngå konflikter

Tilsette og styremedlemmar skal ikkje tilegne seg fordeler framfor andre, og ein skal vere særleg oppmerksom på personlege interesser og familieforhold. Ingen skal delta i prosessar som direkte eller indirekte medfører økonomiske fordeler for seg sjølv eller nærstående familie. På grunn av dette skal tilsetjingar av fleire i familiær tilknytning klarerast i styret.

Korrupsjon og bestikkelsar

Alle tilsette og styremedlemmer skal avstå frå korrupsjon og bestikkelsar. Det er ikkje forskjell på å motta eller gi bestikkelsar. Kravet er absolutt og grunnar i norsk antikorrupsjonslovgiving. Dersom eit tilfelle av korrupsjon vert oppdaga skal tilsette straks ta dette opp med overordna, slik at bedrifta kan handtere dette på lovleg vis. Det kan likevel vere tillatt å gi eller motta høflegheitsgåver av økonomisk verdi innanfor skattetaten sitt regelverk, men aldri som motytelse for ei teneste eller handling.

Tilstellingar med kundar og/eller leverandørar skal ha eit konkret forretningsmessig formål, og skal berre skje når det er rimeleg og hensiktsmessig både med hensyn på verdi og hyppigheit.

Forretningsetikk

Avtalar og reknskapsføring

Som generell regel skal avtalar dokumenterast skriftleg og oppbevarast på ein forsvarleg måte. I praksis skal ein tilstrebe å unngå muntlege avtalar, då dette kan vere grunnlag for mistanke om uetiske eller ulovlege forhold.

Tilsette som tek del i finansielle transaksjonar eller reknskapsføring skal ettersjå at dette er fullstendig og nøyaktig dokumentert. Revisjonen sine krav skal etterlevast.

Konkurranse

Nesseplast skal alltid konkurrere i markedet i samsvar med gjeldande konkurranse- og marknadsføringslovgjeving. Tilsette som er involverte i salg, innkjøp, logistikk og marknadsføring, skal forsikre seg at dei kjenner gjeldande lover og interne retningslinjer. Dersom tvil oppstår skal overordna kontaktast.

Kvitvasking

Kvitvasking er forbode ved lov, og skal ikkje forekomme i Nesseplast. Med dette meinast at pengar som er komne ihende gjennom kriminelle handlingar ikkje ved noko omstende skal inngå i transaksjoner i bedrifta. Derimot skal slike avdekka forhold eller aktivitetar i denne samanheng straks rapportarast til overordna, som deretter skal behandle dette på lovleg vis.

Svart arbeid, sosial dumping og barnearbeid

Alle tilsette og styremedlemmer har ansvar for at svart arbeid, sosial dumping og barnearbeid ikkje skjer i Nesseplast eller hjå Nesseplast sine leverandørar, kundar og samarbeidspartnerar.

Krav til leverandørar og samarbeidspartnerar.

Nesseplast forventar at alle leverandørar og samarbeidspartnerar lever opp til dei same etiske reglane som vi set for vår verksemd. Nesseplast forventar difor at leverandørar aksepterer dette og vil signere på dette for å vere aktuelle som leverandør til vår verksemd.

Bærekraftig utvikling

Bærekraftig utvikling er å jobbe for godt klima og miljø, samordning av økonomisk utvikling, miljø, gode sosiale forhold; ein god plan for framtida og for planeten, som sikrar at framtidige generasjonar også får dekkja sine behov. Bærekraftig utvikling er derfor ikkje berre miljø-fokusert.

Plan for bærekraft i Nesseplast.

Miljø.

Bedrifta skal, gjennom sine styringssystem, jobbe for redusert miljøpåvirking i verdikjeden. Målet er bevare biologisk mangfald. Difor skal vi jobbe for å kontinuerleg redusere utslepp av klimagassar og lokal forureining. I praksis skjer dette ved at vi jobbar for å redusere ressursbruk, material og energi, skadelege kjemikaliar og alle innsatsfaktorar ellers.

Nesseplast jobbar for «**Mindre av alt, meir for miljøet**».

Vidare er Nesseplast medlem i Grønt Punkt Norge, som organiserer innsamling og gjenvinning av brukt materiale (EPS) i Norge. Vi har samarbeid med Vartdal Plast som driv komprimeringsanlegg i Ørsta Kommune. Hit blir brukt materiale frakta, komprimert og klargjort for resirkulering.

Resirkulering skjer på to ulike måtar.

Miljø.

Mekanisk gjenvinning: Materialet blir oppvarma, smelta og omdanna til polystyren, Dette materialet vert så nytta i anna plastbasert produksjon.

Kjemisk gjenvinning: Materialet blir behandla i ein kjemisk prosess, porolyse, i lag med andre typar plast. Det gjenvunne produktet er olje eller gass, som blir nytta i ny produksjon.

Nesseplast skal rette seg etter lovpålagte miljølover og reguleringar i planlegging og dagleg arbeid.

Helse, miljø og sikkerheit

Grunnlaget for at utilsikta hendelsar skjer er eit trygt og godt arbeidsmiljø, der alle deltek og har muligheiter for å påvirke arbeidet og målet «Mindre av alt, meir for miljøet».

Nødvendige tiltak skal innførast for å hindre uforutsette hendelsar som hindrar oss i å nå målet, farlege kjemikaliar og andre stoff skal handterast forsvarleg, og tiltak skal iverksetjast for å redusere både tilsikta ressursbruk og utilsikta ressursbruk, som utslepp og helseskader.

Nesseplast skal sørge for at alle tilsette får opplæring i rutinar for å nå målet om ressursbruk og HMS og at dette er dokumentert.

Nesseplast er tilknytta bedriftshelseteneste og nyttar den aktivt i arbeidet med å sikre god HMS i bedrifta.

Leverandører og risiko

Nesseplast forlanger at leverandørane våre skal retta seg etter dei same prinsippa som ligg til grunn for Åpenheitslova.

AS Nesseplast har dei seinare åra lagt vekt på å redusere antal leverandører for å ha betre oversikt og få eit tettare forhold til leverandørane. Vi kjøper hovudsakeleg inn varar frå norske leverandører, men har nytta nokre utanlandske leverandører på maskinutstyr.

For å ivarata god kontroll på leverandørane nyttar vi først og fremst store leverandører med godt omdøme. Tanken er at dette skal sikre seriøse leverandører med langsiktig formål, god kvalitet på leveransane og trygg produksjon.

AS Nesseplast leiger ikkje inn arbeidskraft for å ivarata eigen produksjon. Dette sikrar at vi ikkje «importerer» brot på Åpenheitslova gjennom arbeid.

I dette arbeidet har Nesseplast kartlagt og klassifisert leverandørane etter trafikklyssystemet:

Raudt lys: Leverandører som med høg sannsynligheit bryt krava i Åpenheitslova

Gult lys: Leverandører som med middels sannsynligheit bryt krava i Åpenheitslova

Grønt lys: Leverandører som med liten sannsynligheit bryt krava i Åpenheitslova

Leverandører i klassen «Raudt lys» er ikkje aktuelle som leverandører til Nesseplast.

Leverandører i klassen «Gult lys» ynskjer vi å bytte ut.

Leverandører i gruppa «Grønt lys» skal prioriterast som leverandører.

Generelt meiner vi at det viktigaste er å ha tett dialog med leverandørane for å få mest mogeleg informasjon og dermed sikre *rett* informasjon og *rett* klassifisering.

Vi har ikkje avdekka leverandører i klassen «Raudt lys», men vi har ein leverandør til overvaking i gruppa «Gult lys».

Praksis og ansvar

Personleg ansvar

Alle tilsette har ansvar for å etterleve alle krav i bedrifta sine etiske retningslinjer. Tilsette skal ikkje opptre, eller oppfordre andre til å opptre, i strid med dei etiske retningslinjene.

Leiaransvar

Leiarar har eit særleg ansvar for å gå foran med eit godt eksempel, og skal tilsjå at dei etiske retningslinjene vert implementerte og bidra til at uønska hendelsar vert rett handsama og at tilsette føler seg trygge i verksemda.

Varsling

Dersom ein tilsett mistenker at det førekjem brot på verksemda sine etiske retningslinjer, har den tilsette rett og plikt til å varsle om dette muntleg eller skriftleg.

I praksis kan det vere vanskeleg å rapportere til nærmaste overordna, og den tilsette kan då varsle andre i overordna stilling.

Dersom ein føler ubehag ved å varsle personleg kan varslinga skje konfidensielt eller anonymt. Slike varslingar skal i tilfelle handsamast på ein måte som beskyttar varslaren.

Nesseplast aksepterer ikkje at tilsette, som var i god tru, skal bli irettesette eller straffa for å ha varsla om brot eller truleg brot på gjeldande etiske retningslinjer i verksemda.

Gjennomføring og kontroll

Leiarar har ansvar for at alle underordna er kjende med dei etiske retningslinjene for verksemda, og alle tilsette og styremedlemmar har ansvar for at dei etiske retningslinjene vert etterlevde. Det skal også visast til retningslinjene i tilsetjingskontraktar og verksemdspresentasjon.

Dersom tilsette eller styremedlemmar bryt verksemda sine etiske retningslinjer kan dette gi grunnlag for disiplinære tiltak og i ytterste konsekvens oppseiing.